

Høringsnotat

Endringer i kontantstøtteperioden



Barne- og
familiedepartementet

1 Høyringsnotatets hovudinnhald

Barne- og familiedepartementet føreslår i dette høyringsnotatet endringar i støtteperioda i kontantstøtta.

Forslaget følgjer opp Hurdalsplattforma der det står at regjeringa vil:

- *Oppretthalde dagens kontantstøtteordning for barn mellom 12 og 18 månader.*
- *Avvikle kontantstøtteordninga for barn mellom 18 og 24 månader. Ordninga skal erstattast med ei småbarnstøtte for dei som har søkt om, men ikkje fått, barnehageplass.*

Departementet har vurdert endringar i kontantstøtta og utgreia behovet for ei småbarnstøtte, for å følgje opp Hurdalsplattforma. Småbarnstøtta var tenkt å vere ei ventestøtte for dei som har søkt om, men ikkje fått plass i barnehage. Departementet har funne at behovet for ei småbarnsstøtte er avgrensa, og at det vil verke meir komplisert enn naudsynt å innføre ei ny ordning. Dette skyldast mellom anna at alle barn har tilgang på barnehage før dei er 20 månader, seinast. Det er derfor enklare og meir føreseieleg for familiane å gjere endringar i kontantstøttelova enn å innføre ei småbarnsstøtte. Departementet føreslår derfor ei løysing som berre inneber endringar i kontantstøtteordninga.

Forslaget departementet legg fram inneber ein forkorta stønadsperiode samanhaldt med dagens ordning: Departementet føreslår at kontantstøtta blir uendra dei fyrste sju månadene av støtteperioden og avviklast for dei fire siste månadene. Med denne endringa kan barn i alderen 13 til 19 månader, som ikkje nyttar barnehageplass med offentleg driftstilskot, få kontantstøtte. Barn i alderen 20 til 23 månader vil ikkje kunne få kontantstøtte.

2 Bakgrunn for forslaga

Kontantstøtta blei innført i 1998 som eit alternativ og eit supplement til barnehage for eitt- og toåringar. Formålet med kontantstøtta er i bidra til at familiane får meir tid sjølv å ta omsorga for egne barn, og gi familiane gis reell valfridom når det gjeld omsorgsform for barn. Ordninga blei lagt om i 2012 og omfattar no eittåringar.

Ulike offentlege utval har føreslått å avvikle kontantstøtta, mellom anna Ellingsæterutvalet i 2017. Grunngevinga har mellom anna vore at kontantstøtta gir insentiv til å redusere arbeidstilbodet, og at kontantstøtta gjer det meir lønsamt for foreldre bruke uformell barnepass i staden for barnehage. I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil halde fram kontantstøtta for dei yngste eittåringane, men avvikle støtta til dei eldste, og samstundes innføre ei ventestøtte for foreldre som har søkt men ikkje fått plass i barnehage.

3 Kven har krav på kontantstøtte

Kontantstøtta er regulert i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøttelova).¹ Etter gjeldande rett kan foreldre få kontantstøtte for barn frå og med den

¹ I kontantstøttelova § 1 er det fastsatt at "Formålet med denne loven er å bidra til at familiene får mer tid til selv å ta omsorgen for egne barn, at familiene gis reell valgfrihet når det gjelder omsorgsform for barn og at det blir mer likhet i overføringene den enkelte familie mottar til barneomsorg fra staten, uavhengig av hvordan tilsynet ordnes."

månaden barnet fyller 13 månader til og med den månaden barnet fyller 23 månader. Kontantstøtta er ei kontantoverføring som foreldra står fritt til å disponere slik dei sjølv ønskjer. Foreldra kan sjølv ha omsorga for barnet eller velje ei anna form for barnepass.

Det er eit vilkår for kontantstøtte at barnet ikkje nyttar seg av heiltidsplass i ein barnehage som det blir ytt offentleg driftstilskot for. Viss barnet startar i barnehage, har kontantstøtta til no blitt utbetalt til og med den månaden barnet er tildelt barnehageplass. Frå 1. august 2022 blei dette endra, slik at kontantstøtta ikkje blir utbetalt den månaden barnet får barnehageplass.²

For å kunne få kontantstøtte må som hovudregel både foreldra og barnet bu i Noreg. Ved kortvarig utanlandsopphald på opptil tre månader blir barn og foreldre framleis rekna som busette i Noreg. Mottakarar av kontantstøtte som er busette i Noreg, kan ha eit opphald i eit anna EØS-land utan å miste retten til støtta, så lenge ein av foreldra framleis har Noreg som lovvalstat.

Viss eit barn som kjem til Noreg oppheld seg i Noreg i minst 12 månader samanhengande, blir barnet rekna som busett. Frå 1. juli 2017 må foreldra i tillegg ha minst 5 års medlemskap i folketrygda for å ha rett til kontantstøtte. Når Arbeids- og velferdsetaten vurderer vilkåret om medlemskap, skal trygdeperiodar i eit anna EØS-land også reknast med.

Kontantstøtta blir gitt for barn som oppheld seg på Svalbard og som er medlem i folketrygda etter folketrygdlova § 2-3.

For personar som er omfatta av norsk lovval etter EØS-regelverket, gjeld ikkje kravet om at foreldra og barnet må være busette i Noreg. Det inneber til dømes at Noreg kan betale kontantstøtte for barn busette andre stader i EØS-området viss ein av foreldra bur, arbeider eller får ei trygdeytning i Noreg.³

Løyvinga til kontantstøtta er i 2022 på i overkant av 1,3 mrd. kroner. Løyvinga for 2023 er på i overkant av 1,2 mrd. kroner. Satsen for kontantstøtte blir fastsett av Stortinget i dei årlege budsjettvedtaka. I 2022 er satsen for 100 prosent kontantstøtte 7 500 kroner i månaden. Dersom barnet har deltidsplass i barnehage, kan foreldra få 20, 40, 60 eller 80 prosent kontantstøtte.

4 Bruk av kontantstøtta

Talet på mottakarar av kontantstøtte har gått kraftig ned sidan ordninga blei innført. I same periode har det vore ei storstilt utbygging av barnehagesektoren og barnehagekapasiteten er per i dag tilstrekkeleg utbygd. Sjå nærare i punkt 3.2.

Fødselsmånaden til barnet har stor verknad på kor mange som tar ut kontantstøtte, og kor lenge dei får støtte. Arbeids- og velferdsdirektoratet skriv i ein artikkel frå 2019 fram at dagens kontantstøtteordning for fleirtalet av foreldre fungerer som ei ventestønad i før barnehageplass. Dette gjeld særleg for mødrer som var yrkesaktive før fødsel.⁴ Kor mange

² [Prop. 1 S Tillegg 1 \(2021-2022\)](#) og [Prop. 15 L \(2021-2022\)](#)

³ Nærare informasjon om reglane finst på [nav.no](#).

⁴ [Hvem mottar kontantstøtte og hvordan bruker de den? - nav.no](#)

barn det utbetalast kontantstøtte for varierer derfor gjennom året. I juni 2022 blei det utbetalt kontantstøtte for 37,2 prosent av alle barn i kontantstøttealder. Til samanlikning var delen med kontantstøtte 14,3 prosent i september 2022, 28,3 prosent i mars 2021 og 19,2 prosent i desember 2021.

Foreldre kan maksimalt få kontantstøtte for eit barn i 11 månader. Ifølge Arbeids- og velferdsdirektoratet er dei som oftast tar ut maksimalt med kontantstøtte mødrer med låg eller inga inntekt, med to eller fleire barn frå før, med bakgrunn frå ikkje-vestlege land eller som bur i Agder-fylka eller Rogaland. Endringa i butidskravet i 2017 har samstundes gitt ei stor reduksjon i talet på mottakarar med innvandrarbakgrunn, og særleg blant mødrer frå Asia eller Afrika der delen er redusert med 26 prosentpoeng. Direktoratet finn samstundes ikkje at butidskravet har hatt effekt på mors eller fars sysselsetting. Direktoratet finn vidare at dei som ikkje var sysselsett før fødsel (fekk eingongsstønad) hadde mykje høgare bruk av kontantstøtte enn dei som var sysselsett (fekk foreldrepengar).

5 Barnehage tilbud for eittåringar

5.1 Endringar i barnehage tilbudet og lovfesta rett til barnehage


Det var mangel på barnehageplassar då kontantstøtta blei innført og mange foreldre hadde eit behov for å finne andre løysingar for barnepass. Sidan har det vore ei kraftig utbygging av barnehagesektoren og kapasiteten i dag innfrir i stor grad etterspurnaden etter barnehageplassar.

Retten til barnehageplass blei innført i 2009. Då hadde barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august etter søknad, rett til plass frå august same år. Dette inneber barn som fyller eitt år frå januar til august har rett til barnehageplass i august det året dei fyller eitt. I 2016 og 2017 blei retten utvida, slik at også barn fødte i september, oktober eller november, har rett til plass innan utgangen av månaden dei fyller eitt år. Barn fødte i desember har rett til plass frå august det året dei fyller to år. Dei har dermed rett til plass frå dei er 20 månader gamle, og barn fødte i desember er dei barna som er eldst innan dei har rett på barnehageplass.

Kommunen er ansvarleg for at retten til plass er oppfylt. Dei siste åra har alle kommunar gjennom den årlege innrapporteringa til Utdanningsdirektoratet meldt at dei oppfyller retten til plass.

5.2 Eittåringars bruk av barnehage

Ved utgangen av 2022 gjekk 46 506 eittåringar i barnehage, som gir ein dekningsgrad på 81prosent. Dekningsgraden blant eittåringar auka jamt frå barnehageforliket i 2003, og stabiliserte seg nær 70 prosent omkring 2010. Dei siste åra har dekningsgraden igjen auka, noko som truleg heng saman med utvidingane i retten til barnehageplass.



Dekningsgrad i barnehage blant eittåringar

Kjelde: SSB.

Dei fleste eittåringane har avtale om heiltidsplass i barnehagen. I 2022 hadde 97 prosent av eittåringane i barnehage avtale om heiltidsplass på 41 timar eller meir kvar veke. Det er likevel ikkje alle eittåringane som nyttar plassen fullt ut. «Barnetilsynsundersøkelsen 2016» viser at 70 prosent av eittåringane oppheld seg i barnehagen mellom 25-40 timar kvar veke.

6 Departementet sine vurderingar og forslag

6.1 Departementet si vurdering av kontantstøtta

Retten til barnehageplass er dei seinare åra blitt utvida og inneber no at alle barn har rett på plass innan dei er 20 månader. Dei endra omstenda gir grunn til å vurdere kor lang støtteperioda i kontantstøtta skal vere.

Kontantstøtta har vore grunngjeve med at den skal bidra til at:

- Familiane får meir tid til sjølv å ta omsorga for eigne barn.
- Familiane gis reell fridom i val av omsorgsform.
- Familiar som ikkje nyttar seg av statleg finansierte barnehagetilbod mottek ei overføring som kompensasjon, for bidra til likskap i overføringane.

Kontantstøtta er ei økonomisk stønad til familiar som anten vel å vere heime med små barn, eller som ønskjer å bruke andre omsorgsformer enn barnehage. Kostnaden den einskilde familie har ved at ein av foreldra er heime, reduserast ved at familien mottek kontantstøtte. Små barn kan ha særskilde behov og nokre familiar ønskjer av ulike grunnar å vere heime med barnet sitt lenger enn perioden med foreldrepengar. Kontantstøtta gjer det mindre kostbart for familiane å utsetje barnehagestart og tilpasse omsorgsforma til deira ønskjer og behov.

Fordelingsutvalet har peika på at låginntektsfamiliar nyttar seg av kontantstøtta i større grad enn høginntektsfamiliar. Departementet legg til grunn at det er vinstar ved at barn går i barnehage, og at det bør leggst til rette for at barn i låginntektsfamiliar startar i barnehage. Samstundes kan nokre familiar vere i en situasjon der dei ikkje har tilbod om plass i barnehage samstundes som ein av foreldra ikkje har høve til kome i arbeid. For desse kan kontantstøtta i ein periode vere eit bidrag til familieøkonomien.

Departementet vurderer at behovet for å vere heime, eventuelt ha alternative omsorgsformer, er større jo mindre barnet er. Departementet vurderer at omsynet til arbeidsdeltaking kan vektast meir, jo eldre barnet er. Departementet meiner derfor at det kan vere riktig å vidareføre kontantstøtta og legge til rette for noko valfridom for familiar med dei minste eittåringane. Ei reduksjon i kontantstøtta bør sjåast i samanheng med høve til plass i barnehage.

6.2 Reduksjon i støtteperioda i kontantstøtteleova

I dag fastset kontantstøtteleova § 2 at kontantstøtte blir ytt for barn mellom 1 og 2 år. Det følgjer av § 8 at kontantstøtte blir ytt frå og med kalendermånaden etter at barnet får rett til kontantstøtte, til og med den kalendermånaden rett til kontantstøtte fell vekk.⁵

Ei forkorta støtteperiode bør ta omsyn til familiarne og deira behov for å sikre omsorg for barna. Familiar bør ikkje risikere å stå utan verken kontantstøtte eller barnehageplass. Det var omsynet til familiarne som var bakgrunnen for at regjeringa vurderte ei småbarnsstøtte som skulle sikre ei økonomisk støtte i tilfelle der barnet ikkje har plass i barnehage. Ved nærare utgreiing har barne- og familiedepartementet, saman med kunnskapsdepartementet, funne at det er eit avgrensa behov for ei ny ordning med småbarnsstøtte og at det vil verke kompliserande å innføre ei småbarnsstøtte. Familiar med barn fødte i desember er dei som risikerer å stå lengst utan barnehageplass. Alle barn vil likevel ha plass i barnehage innan den månaden dei er 20 månader (desemberbarna). Departementet har derfor kome til at det er enklare og betre å gjere endringar i kontantstøttetida ut i frå dette. Vi føreslår derfor å redusere støtta slik at den grensar mot det seinaste familiarne vil kunne stå utan barnehageplass. Ein kontantstøtteperiode frå 13 til 19 månader, vil og harmonere betre med barnehagehøva enn ei støtteperiode frå 13 til 18 månader. Alle familiar vil då ha krav på enten barnehageplass eller kontantstøtte. Denne endringa vil òg innebere ei kontantstøtteperiode som er lik for alle familiar.

Regjeringa vil på bakgrunn av dette oppretthalde dagens kontantstøtteordning for barn mellom 13 og 19 månader. Endringa inneber ei forkorting av stønadsperioden for rett til kontantstøtte ved at den øvre aldersgrensa for kor lenge barnet har rett til kontantstøtte blir endra. Departementet føreslår at rett til kontantstøtte gjeld frå og med månaden barnet fyller 13 månader (som i dag) til og med månaden barnet fyller 19 månader. Sjå forslag til endring i kontantstøtteleova §§ 2 og 8 under punkt 6.

⁵ I [Prop. 15 L \(2021–2022\) - regjeringen.no](#) blei det føreslått å endre § 8 fyrste setning slik at det står at kontantstøtte blir ytt til og med kalendermånaden før rett til kontantstøtte fell vekk. Endringa vil gjelde for tilfella der rett til kontantstøtte fell vekk av andre årsaker enn at barnet når den øvre aldersgrensa for rett til kontantstøtte, typisk at barnet startar i barnehage. Endringa er vedtatt og trer i kraft 1. august 2022.

I kontantstøttelova § 10 er utbetaling av kontantstøtte for *adopterte barn* særskilt regulert. For adopterte barn blir kontantstøtte gitt frå og med kalendermånaden etter at stønadspanoden for fulle foreldrepengar er ferdig. Uavhengig av den ordinære aldersgrensa i § 2 kan kontantstøtte bli utbetalt i elleve månader. Det er eit vilkår at barnet er under opplæringspliktig alder og heller ikkje har starta grunnskoleopplæring.⁶ Departementet føreslår at stønadspanoden blir forkorta tilsvarende for adopterte barn som for andre barn. Då vil den perioden kontantstøtte maksimalt kan utbetalast, bli redusert frå elleve til sju månader også for desse barna. Sjå forslag til endring i kontantstøttelova § 10 i punkt 6.

Kontantstøtta blir utbetalt den månaden foreldra har rett til støtte. Kontantstøtta for mars blir altså utbetalt i mars. Foreldra må vente éin månad på fyrste utbetaling av kontantstøtta. Samla får dei likevel kontantstøtte i så mange månader som dei skal.

7 Iverksetjing og eventuelle overgangsreglar

Forslaga i høyringsnotatet inneber endringar for foreldre, for Arbeids- og velferdsetaten og for kommunane. Det er viktig at dei relevante aktørane får høve til å innrette seg etter dei nye reglane. Departementet tar sikte på at budsjett- og lovforslag om saka kan fremjast i budsjettet for 2024. Dersom Stortinget sluttar seg til forslaga, legg departementet førebels opp til at endringane kan tre i kraft 1. august 2024. Når høyringsforslaget frå regjeringa allereie er kjent våren 2023 og det endelege forslaget kan bli vedteke innan januar 2024, får foreldre og styresmakter tilstrekkeleg tid til å førebu seg på endringane før dei trer i kraft.

Departementet minner om at retten til kontantstøtte er uendra i dei fyrste sju månadene. Foreldre vil derfor ha rett til kontantstøtte for barn i alderen 13 til 19 månader som før. Departementet meiner at foreldre har tilstrekkeleg med tid til å innrette seg etter endringane ettersom dei får moglegheit til å søkje om barnehageplass i hovudopptaket for 2024.

Departementet meiner derfor at det ikkje vil vere behov for overgangsreglar. Omlegginga vil då også omfatte barn som er inne i ordninga før loven trer i kraft i august 2024. Dermed vil det frå og med august 2024 ikkje lenger bli gitt kontantstøtte for barn eldre enn 19 månader.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

8.1 Innleiing

Departementet føreslår å leggje om kontantstøtta for barn frå 20 månader. Forslaget gjer perioden ein kan få kontantstøtte for kortare, og omlegginga er venta å auke etterspurnaden etter barnehageplassar. Det er grunn til å tru at fleire barn vil begynne tidlegare i barnehagen.

Departementet legg også til grunn at endringa vil kunne auke arbeidstilbodet noko. I kor stor grad, er usikkert. Tiltaket kan òg ha effektar som auka læringsutbytte for barn som startar

⁶ Ophhaveleg var det ikkje noko øvre aldersgrense for rett til kontantstøtte for adopterte barn. Då adopterte barn ofte er eldre enn andre barn når dei startar med kontantstøtte, fekk dei ein kortare periode med kontantstøtte enn andre fordi dei nådde den dåverande aldersgrensa på tre år. Etter forslag i Ot.prp. nr. 98 (2004-2005) blei dette endra. Adopterte barn fekk rett til å få kontantstøtte i ein like lang periode som andre barn. Grunngevinga var at adoptivforeldre skulle få moglegheit til å velje kontantstøtte i ein like lang periode som andre foreldre.

tidlegare i barnehagen, samt styrkja integrering. Dette er verknader som ikkje er med i dei økonomiske berekningane, mellom anna fordi det er usikkert korleis foreldra vil tilpasse seg endringane.

Departementet vil komme tilbake til naudsynte endringar i løyvingane for dei ulike aktørane i dei ordinære budsjettframlegga. Dersom departementet fremjar forslaget i ein proposisjon, vil forslaget ikkje kunne tre i kraft før det er dekning for det i budsjettet.

Løyvinga til kontantstøtte på kap. 844, post 70 er i 2023 på 1 217 mill. kroner. Arbeids- og velferdsdirektoratet har rekna ut at ei avvikling av kontantstøtta for barn mellom 19 og 23 månader frå 1. august 2024 vil gi ei innsparing i utgiftene til kontantstøtte på 133 mill. kroner i 2024 og 355 mill. kroner frå 2025. I utrekninga er det lagt til grunn førebelse berekningar av løyvinga til kontantstøtte i 2024 og alderen på barna som hadde kontantstøtte i 2020.

8.2 Konsekvensar for foreldre

Når foreldre ikkje kan få kontantstøtte for barn frå 20 månader, vil kostnaden for anna form for barnepass enn barnehage auke. Dette reduserer isolert sett valfridomen den einskilde familie har til å sjølv å ta omsorg for barnet sitt eller til å velje annan omsorgsform. Departementet legg til grunn at fleire foreldre vel å søkje barnehageplass. Det er usikkert korleis foreldre vil tilpasse seg endringane, men departementet legg til grunn at endringa vil auke deira arbeidstilbod noko.

8.3 Konsekvensar for arbeids- og velferdsforvaltninga

Kontantstøttemottakarar planlegg ofte bruken av kontantstøtte god tid i førehand. Arbeids- og velferdsdirektoratet vurderer derfor at det er viktig at informasjon om reduksjonen i kontantstøtteperioda når ut til brukarane tidsnok til at dei får tid til å områ seg. Direktoratet legg derfor opp til å sende ut eit informasjonsbrev om lovendringa i god tid før innføringstidspunktet slik at brukarane får mogelegheit til å planlegg deretter. Informasjon kan sendes ut i alle saker som er løypande i februar 2024. Informasjonen i vedtaksbrev og på nav.no kan endrast frå same tidspunkt. Direktoratet anslår at å kutte kontantstøtta for barn mellom 19 og 23 månader vil gi administrative meirutgifter på om lag 2,5 mill. kroner. De administrative kostnadene er engangsutgifter i innføringsåret.

8.4 Konsekvensar for kommunane

Kunnskapsdepartementet har berekna at endringa i kontantstøtta vil gi behov for å opprette om lag 1 030 plasser nye barnehageplassar. Det vil gi ei meirutgift på kap. 571, post 60 på 303 mill. kroner i året. Dersom endringane trer i kraft frå august vil meirutgiftene det fyrste året vere på om lag 126 mill. kroner.

Endringar i støtteperiode vil innebære at det kommunane skal rapportera for færre barn enn tidlegare. Denne endringa, saman med tidlegare endringar i kontantstøtteleova vil utløyse behov for å gjere justeringar i kommunane si plikt til å registrere opplysningar om barn i kontantstøttealder. Kommunane registrerer no opplysningar om barn opp til 3 år.

Kunnskapsdepartementet vil vurdere behov for endringar i forskrift om føring av register til bruk i forbindelse med kontroll av beretning og utbetaling av kontantstøtte.

9 Merknader til endringane

Til § 2 fyrste ledd i kontantstøttelova:

Etter forslaget til endring i § 2 fyrste ledd står det at kontantstøtte blir ytt for barn i alderen 13 til 19 månader. Endringa inneber ein reduksjon i maksimal stønadsperiode for kontantstøtte frå elleve til syv månader. I dag står det at kontantstøtte blir ytt for barn "mellom 1 og 2 år", som språkleg og slik det blir praktisert i dag tyder i alderen 13-23 månader. Viss perioden blir forkorta og kontantstøtta skal utbetalast til barn i alderen 13-19 månader, kan loven endrast til "mellom 12 og 20 månader." Departementet meiner dette kan gjere det meir usikkert kva for alderskull som er omfatta av retten til kontantstøtte, og føreslår derfor at § 2 skal fastsette at kontantstøtte blir ytt for barn i alderen 13-19 månader.

Til § 8 fyrste ledd i kontantstøttelova:

Endringa er gjort i andre setning som blir endra frå at kontantstøtte ikkje blir ytt lenger enn "til og med kalendermåneden før barnet fyller 2 år" til "til og med kalendermåneden barnet fyller 19 månader." Departementet føreslår denne endringa for best mogleg tilpassing til § 2 fyrste ledd som etter forslaget vil fastsetje at kontantstøtte blir ytt for barn i alderen 13-19 månader.

Til § 10 i kontantstøttelova:

Endringa inneber at kontantstøtte for adopterte barn kan utbetalast i syv månader. Maksimal kontantstøtteperiode blir forkorta frå elleve til seks månader.

10 Skisse til lovendingar

Lovendingane som følgjer av forslaga i høyringsnotatet kan utformast slik:

§ 2 fyrste ledd skal lyde:

«Kontantstøtte ytes for barn *i alderen 13 til 19 månader* som er bosatt i riket, og som ikke eller bare delvis gjør bruk av barnehageplass som det ytes offentlig driftstilskudd for, jf § 7 tredje ledd.»

§ 8 fyrste ledd skal lyde:

«Kontantstøtte ytes fra og med kalendermåneden etter at rett til kontantstøtte inntreer, til og med den kalendermåneden før rett til kontantstøtte faller bort. Kontantstøtte ytes likevel ikke lenger enn til og med kalendermåneden *barnet fyller 19 måneder.*»

§ 10 tredje ledd skal lyde:

«Uavhengig av aldersgrensen i § 2 første ledd, kan kontantstøtte for adopterte barn utbetales i syv måneder, forutsatt at barnet er under opplæringspliktig alder og heller ikke har startet grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-1.»